



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet	27.11.2025	
Kommunestyret	16.12.2025	

Forskotere kjøp av areal til energistasjon og døgnkvileplass for tunge køyretøy

Vedlegg

1 KR rev anbod 181125

Dokument i saka

Formannskapssak 90/2025.

Bakgrunn

I formannskapet den 06.11.2025, vart det vedteke at Vinje kommune ikkje hadde høve til å forskotere kjøp av arealet som var tenkt til Ladestasjon, Hydrogenfyllestasjon og Døgnkvileplass for tunge køyretøy. Grunngjevinga var at dette vart for kostbart.

Aktørane vurderte det også slik, slik at det heile såg ut til å strande. Dette ville, etter administrasjonens vurdering, vore leitt etter at det er lagt ned mykje resursar i forprosjekt og planarbeid. Det aktuelle arealet treng ei oppgradering og ligg veldig lagleg til dette føremål. I samråd med ordførar bad sakshandsamar difor om eit møte med grunneigarane, for å sjå om det var rom for å forhandle om tilbodet. Det resulterte i eit betre, meir omfattande og forklarande tilbod og gjev difor grunn til å ta opp att saka.

Vurdering

Hovudårsaka til at den førre saka vart innstilt og vedteken negativt, var som sagt prisen. Når no reknestykket har blitt slik:

KR Entreprenør AS – Areal, opparbeiding opp til asfaltdekket
Sveinung Midtgarden - Areal og fjerning av bygg
Dag Lie/Verkstadvegen AS – Areal kr 0, då han får nytt areal.
Sum eks mva

kr 5 840 000,-
kr 2 000 000,-
kr 0,-
kr 7 840 000,-

Som då utgjør ein skilnad på snautt kr 5 mill., fører til at prosjektet har ein meir akseptabel pris. Grunneigarane har soleis synt stor vilje til å vera med på denne «dugnaden».

Dette prosjektet vil òg føre til ei rekkje ringverknadar som:

- Eit areal som har vore eit «kaos» blir no eit attraktivt areal til næringsføremål
- Det ein betalar til grunneigarane, kjem til nytte i utvikling og oppgradering av dei ulike verksemdene til grunneigarane, då dei alle er i stor utvikling Bl.a.
 - vil KR Entreprenør AS då ha moglegheit til å utvikle og kanskje flytte si verksemd til ein ny eigedom, dei har drøftingar rundt, og soleis kunne frigjera deira areal i dag til nye aktørar i marknaden.
 - Verkstadvegen AS, får meir areal, då dei er «sprengt» i dag og får soleis moglegheit til vekst.
 - Andre nærliggande verksemder vil og få tilgang på masse, og gje ein «boost», eit løft og vekst, både hjå dei næringsdrivande og ikkje minst i høve til generell oppgradering av næringsområdet.
- Eit utvida og ikkje minst oppgradert næringsareal, er sårt tiltrengt i Åmot.

Eit enkel berekning av kostnadane blir om lag slik:

Renter av omlag kr 8 000 000,-X 5%	=kr 400 000,- pr år
Diverse, vedlikehald m.m. omlag	=kr 50 000,- pr år
Sum	kr 450 000,- pr år

Delar ein dette på om lag 6 000 m², som det er mogleg å leige ut, får ein kr 75,- kr pr m² pr år i kostnad. I drøfting med Supercharge AS og Ladekraft AS i dag, kjem det fram at dei betalar frå kr 12,- til kr 300,- pr m² pr år, i leige for liknande areal i dag. Med litt atterhald, då dette er sagt under drøfting, kan mykje tyde det på at denne investeringa kan forsvarast økonomisk.

Det er enda mykje som må på plass før ein kan sei at dette prosjektet kan la seg realisere, men det er no god vilje hjå alle grunneigarar og aktørar, i å gjera denne «dugnaden» for å få det til. Kommunen si rolle er forutan koordinering, fyst og fremst ei forskotering av prosjektet. På litt sikt vil målet vera å selje dette arealet til dei ulike aktørane etter kvart som dei får etablert seg. Kommunedirektøren vil få på plass avtaler både hjå grunneigarar og aktørar, som ein føresetnad før ein startar prosjektet.

Status for næringsfondet i 2026 vil, dersom ein går inn for driftstilskot til både Ridesenteret i Rauland og dette initiativet, vere ein reduksjon frå 30 til 20 mill. kr. Prosjektet framstår langt meir dynamisk enn ved førre behandling og det kan føre til såpass mange ekstra vinningar at det er rimeleg å leggje fram saka på nytt. Kommunedirektøren syner til formannskapsvedtaket frå 6. november og fremmar saka utan tilråding.

Eit positivt vedtak kan lyde slik:

Vinje kommune set av ei ramme på kr 8 mill. til erverv av arealet ved Dalsvegen, med vilkår om at det føreligg skriftlege avtaler med grunneigarar og aktørar i høve til pris, arealbruk m.m., før ein går til erverv.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak